

Nordhordland kompetanseregion, NKR
barnehage - grunnskule - PPT - vaksenopplæring
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Referat fra styremøte nr 08/17 14.12.17

Referat er sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

Møtet fann stad på Kjelstraumen Brygge, Austrheim.

Desse møtte: Alf Strand, Astrid Brandal Øvsthus, Linda Husa, Bodil Boie Brekkan, Jahn Olav Nordheim, Ragna Midtbø, Reidun Johannessen og Dina Dyrhovden.

Olaf Mikal Hella deltok frå sak 67/17. Styreleiar ynskte Olaf Mikal Hella velkommen til styret i NKR. Olaf Mikal Hella er tilsett som kommunalsjef for Oppvekst i Radøy kommune og tok til i stillinga desember 2017.

61/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

62/17 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 22.11.17

Vedtak: Referat frå møte 22.11.17 vart godkjent.

63/17 UIU – LÆRANDE NETTVERK

Kort orientering om status i arbeidet.

64/17 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

NKR har fått tildelt kr 53.000,- frå Fylkesmannen. NKR vil setje av tid til å arbeide meir grundig med kompetanseplanen med utgangspunkt i den skissa som no liggføre. Det er aktuelt å nytte dei tildelte midlane til dette. Viktig å sjå heilskapen, overgangen frå UIU. Drøfta å utvide eit møte med aktuelle deltakarar for å bidra til breidare involvering og eigarskap. Aktuelle kan vere arbeidsgruppe for UIU og repr frå barneskular/dei kommunar som ikkje har hatt representantar der. Ein ser for seg eitt møte i styret og eitt møte med ei utvida gruppe der alle kommunane er representert.

Konklusjon: Desentralisert kompetanseutvikling vert sak på neste møte. Kommunane førebudur seg. Sjå spørsmål i førre referat. Innspel frå kommunane må vere klart til styrrepresentantane møtest på Solstrand. Styret samordnar seg der. Kommunane sender innspel til koordinator som sender samla ut til styremedlemene.

65/17 Opplæringslova § 9A-2

Tema som vart drøfta.

- Retten til eleven til eit trygt og godt læringsmiljø omfattar også SFO og skuleveg. Personalet på SFO må vere handlekraftig og medvitne Opplæringslova § 2-a.
- Tiltaksplan. Observasjon. Samtale med barnet åleine, barnet si stemme. Helsesøster, PPT kan vere aktuelle.
- Innblikk: Vertøy for å få fram dynamikk i grupper, skjult mobbing.
- Mediahandtering.
- Arbeidskrevjande.
- Det er utarbeidd ein del aktivitetsplanar.
- Opplysingsarbeidet som kommunane har gjort om retten til elevane, samt mediafokus, gjer at ting kjem opp tidlegare og kan bli handtert. Det er positivt.

66/17 SPRÅK OG INKLUDERING

Tema som vart drøfta.

- Utfordringar med stor variasjon i språkkompetanse.
- Melde opp til PPT – kan vere lærevanskar.
- Utfordringar i og mellom ulike kulturar. Tverrfagleg seminar for å forstå samspelsutfordringar. Intervju og kartlegging. Ope møte med tolk der ein løfta fram det som var vanskeleg. Tydelege krav til vaksne si framferd.
- Leirskule. Overnatting er obligatorisk.
- Traumer.
- Praktiske utfordringar.
- Det skjer ein del frivillig inkluderingsarbeid i kommunane. Bibliotek driv språkkafe. Positive erfaringar.
- Vaksenopplæring – norsk og samfunnsfag. Prøve- og eksamenspress.
- Vaksenopplæring på grunnskulenivå.
- Lindås kommune er med i ei satsing: Kompetanse for mangfold. Kompetansemiljø er HVL –Yvonne Bakken koordinerer. Kompetanseheving for dei vaksne. Ulike behov. Barnehage: Samarbeide med føresette for å få dei på bana. Barneskule: Bli god på karlegging og tilpassa opplæring som inkluderer alle i det ordinære. Ungdomsskule: Gjere den almenne undervisinga slik at det er lett å kome inn. Lærer meir saman med andre, ta i bruk dei ressursane ein har. Samlingar, arbeid i mellomperioden, veiledning.

67/17 INTERNETT OG EKSAMEN

Styret drøfta saka. Aktuelle tema som kom opp: Vaksenopplæringa har behov for mange typar ordlistar frå ulike morsmål til norsk. Nettressursar som høyrer til ulike læreverk har ikkje vore meldt inn i løpet av høyringa. Informasjonsmengda er stor og elevane har på eksamen 5 timer til rådvelde til å skrive sitt svar.

Vedtak: Elevar som skal ta eksamen i skriftlege fag i grunnskulen får tilgang til desse nettressursane:

- **Opning for alle ordbøker (norsk/bokmål/nynorsk/engelsk)**
- **Opning for alt relatert til udir.no - eksamen**
- **Opning for SNL (Store Norske Leksikon)**
- **Opning for norsk-sidene**
- **Opning for SSB.no**
- **Opning for Allkunne.no**

68/17 Rekneskap 2017

Rekneskap per 12.12.17 vart lagt fram. Koordinator orienterte om dei ulike aktivitetane. Øyremerka midlar (DKS, Vaksenopplæring og Desentralisert kompetanseutvikling) som ikkje er nytta i 2017 vert søkt overført til 2018. Overskotet vert avrekna ved årsoppgjer i januar 2018.

Vedtak: Økonomisk status vart teke til orientering.

69/17 SKRIV OG MELDINGAR

a) DKS – Tildelingsbrev jfr vedtak 61/17

b) Takk for støtte – Helga Eriksen og Anette Thorsheim

b) Status samlingar og kurs:

Gjennomført: Ingen aktivitet sidan sist møte

Planlagt: **23.02.18:** Regional styrarsamling – Paul Otto Brunstad, Tema: Leiarskap, endring, veiledning. Handtering av 19 g.

10.01.18: Textpilot - For Lærar, elev og foreldre, PPT

BETALING: Kurset skal vere gratis for foreldre og elevar. NKR fakturerer kommunane og friskulane slik: Tilsette: kr 400,- og elev m/foreldre kr 100,-

Under planlegging Vår 2018: Lærande nettverk UIU

c) Referat frå koordineringsgruppe PPT-nettverk 23.11.17

d) LMS – referat frå møte 28.11.17 og 06.12.17 vert sendt ut til styret. Koordinator orienterte om arbeidet. Målet er å få lagt ut anbodsgrunnlaget medio januar 2019.

f) AU-møte 05.12.17 vart avlyst

g) Andre aktuelle kurs: Relevant kurs i Bergen for SFO-leiarar. Terje Vik.

h) Aktuelle førelesarar: Olaf Hella orienterte om aktuelt tema og aktuell førelesar for skuleleiarar og lærarar i regionen. Målgruppe: Leiarar og også aktuelt for lærarnivået. Vert teke med i det vidare arbeidet om desentralisert kompetanseutvikling. Olaf signaliserer aktuelle datoar – planleggingsdag nov.18 og febr.19 og så kjem me tilbake til dette.

Vedtak: Skriv og meldingar vert teke til orientering.

70/17 ANDRE SAKER

Knarvik, 14.12.17

Alf Strand
Styreleiar

Dina Dyrhovden
koordinator



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato
29.11.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3587 634
Dykkar referanse

Nordhordland kompetanseregion v/Dina Dyrhovden
Postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Prosjektnr. 62620

Tildelingsbrev - administrasjonsmidlar til arbeid med desentralisert kompetanseutvikling i skulen

Fylkesmannen i Hordaland viser til brev av 8. mai 2017 til kommunane om desentralisert kompetanseutvikling i skulen. Fylkesmannen har mottatt midlar fra Utdanningsdirektoratet til å administrere ordninga. Nokre av desse midlane ønskjer vi å dele ut til regionane.

Nordhordland kompetanseregion får tildelt kr 53 000. Midlane blir overført til Lindås kommune sitt kontonummer 3201.05.89311 merka «Ansvar 230 -2901 Desentralisert kompetanseutvikling». Organisasjonsnummer 935 084 733.

Midlane skal brukast til å dekke utgifter som kommunane i regionen har i samband med arbeidet med desentralisert kompetanseutvikling. Vi vil kome tilbake på nyåret med informasjon om rapportering på bruken av midlane.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.